

Rettleiingsavtale for Det humanistiske fakultet



Institutt for XXX
Postboks XXXX, Blindern
XXXX Oslo

Telefon XXX Telefaks XXXX.
E-post:
Nettadresse: XXX

Namn:			
Studieprogram og studieretning:		Emnekode for masteroppgåve	
Rettleiar:			
Evt biretleiar:		Prosentvis fordeling av rettleiing mellom hovud- og biretleiar:	% %
Arbeidstittel:			
Avtaleperiode:		Innleveringssemester for masteroppgåva:	

RETTAR OG PLIKTER I RETTLEIINGSFORHOLDET

- Rettleiar og student skal klårleggje arbeidsform, framdrift og innleveringssemester tidleg i rettleiingsforholdet.
- Rettleiar og student skal elles følgje reglement og tilvisingar som gjeld for masteroppgåvearbeidet. [Retningslinjer for veiledning av masteroppgaver ved Det Humanistiske fakultet](#)
- Dersom det er behov for biretleiar må ein søkje om dette til instituttet før ein inngår avtalen. Det er berre unntaksvis ein får innvilga biretleiar.

Student

- Studenten skal vere godt førebudd til rettleiingsmøta.
- Studenten skal gi rettleiar beskjed i god tid dersom han/ho ikkje kan møte opp til ein rettleiingstime.
- Studenten skal umiddelbart ta opp eventuelle alvorlege samarbeidsproblem med instituttet/studiekonsulenten.
- Studenten må søkje om forlenging av rettleiingsavtalen dersom arbeidet med masteroppgåva går ut over den tida avtalen gjeld for.

Rettleiar

- Rettleiar skal ha sett seg inn i og følgje dei etiske retningslinjene for rettleiarar ved UiO, og pliktar også å setje studentane inn i desse retningslinjene.
- Rettleiar skal sørge for at det første ordinære rettleiingsmøtet finn stad kort tid etter at studenten er tildelt rettleiar. Her skal rettleiar drøfte og orientere om korleis rettleiinga reint konkret vil bli lagd opp.
- Rettleiar skal tilby studenten inntil 15 timar rettleiing på 60 sp masteroppgåve (inntil 7,5 timar på 30 sp masteroppgåve), fordelt relativt jamt over rettleiingsperioden.
- Rettleiar skal vere godt førebudd til rettleiingsmøta.
- Rettleiar skal drøfte og vurdere opplegg, metode og gjennomføring av undersøkinga/analysen med studenten, og bidra til at undersøkinga/analysen blir lagd opp slik at studenten kan gjennomføre han på normert tid.
- Rettleiar skal lese og gi detaljerte kommentarar til kapittelutkast minst éin gong, men vurderer sjølv kor omfattande gjennomgangen av reviderte kapittel og masteroppgåva i sin heilskap skal vere.
- Rettleiar kan i den grad det er føremålstenleg velje å gjennomføre delar av rettleiinga i seminarprega smågrupper (forskningsseminar).
- Rettleiar skal gjennom rettleiingsmøta halde seg orientert om progresjonen i studenten sitt arbeid, og vurdere framdrifta i forhold til den på førehand fastlagde framdriftsplanen.
- Rettleiar skal si frå i god tid dersom tidspunktet for eit avtalt rettleiingsmøte må endrast.

Endring eller opphøyr av rettleiingsavtale

- Innhaldet i rettleiingsavtalen kan endrast dersom student og rettleiar er einige om dette, t.d. endre tema.
- Dersom rettleiar ikkje er tilgjengeleg i lengre periodar av rettleiingsforholdet, finn instituttet i samråd med studenten ut korleis rettleiinga skal tryggast i dette tidsrommet.
- Dersom instituttet meiner at studenten ikkje oppfyller rettleiingsavtalen, skal studenten varslast skriftleg.
- Dersom rettleiingsforholdet ikkje fungerer tilfredsstillande for studenten eller rettleiar - av faglege eller andre årsaker - kan student eller rettleiar be om å bli løyst frå rettleiingsforholdet, og ein gjer avtale om ny rettleiar.
- Studenten kan seiast å ikkje oppfylle rettleiingsavtalen dersom:
(a) Studenten ikkje leverer masteroppgåva innan semesteret det var planen å levere oppgåva (dvs. 4. semester av masterstudiet ved 100 % progresjon) og ikkje har nokon godkjend plan for vidare arbeid med og innlevering av oppgåva, jf. [Forskrift om studier og eksamener ved UiO § 7.1.6, § 7.1.7 og § § 7.2.1](#) og [Retningslinjer for utsatt studiestart, permisjon og deltidsstudier for](#)

[programstudenter](#).

(b) Studenten ikkje har oppsøkt rettleiar i løpet av to semester. I slike tilfelle vil temaet for oppgåva kunne veljast av andre studentar.

(c) Talet på rettleiingstimar er nytta og studenten ikkje har nokon godkjend plan for innlevering av masteroppgåva.

- Rettleiingsavtalen tek slutt når studenten:

(a) leverer masteroppgåva

(b) ikkje oppfyller rettleiingsavtalen og har blitt varsla om dette skriftleg, og ikkje har fått godkjent ny plan for innlevering

(c) mistar eller seier frå seg studieretten til masterstudieprogrammet.

Dato

Student

Dato

Rettleiar

Dato

Undervisningsleiar/instituttleiar